

SU-møte 1.oktober 2018

mandag 1. oktober 2018 20:51

Sak 1: Konstituering av nytt styre

Leiar: Geir Hauge

Nestleiar: Hege Fuhr

Sekretær: Anne Merethe Kvalsøren

Sak 2: Godkjenning av årsplan

Årsplan kan vise at 24.oktober er FN-dagen

Elles godkjent til 31.desember 2018. Endring av organisering etter det, og det må kome fram i januar.

Brannvern. Ynskje om at det kjem tydlegare fram i neste årsplan.

Sak 3: Gaupne barnehage i endring og utvikling

Frå 1.januar 2019 er Gaupne barnehage for liten, og kommunen har ikkje nok plassar til alle forventa søkjarar. Det er vedteke i kommunestyret at det skal byggast/lagast til ei midlertidig løysing på den gamle "scena" ved gymsalen. Scena er i eit eige lokale heilt separat frå gymsalen.

Styrrar, tillitsvalde og verneombod i barnehagen har vore på synfaring der nede og er samde om at med dei naudsynte forbetringane som krevst så skal Gaupne barnehage få til ei god løysing og eit godt pedagogisk innhald.

I medråderettsmøte i barnehagen har ein stemt over innkomne namneforslag til den nye basen, og me held fram med fargenamn; Raud.

FAU er trygg på det pedagogiske innhaldet, men er kritiske til ressursbruken på bygget.

FAU er bekymra for kva planane er for den permanente løysinga. Dette formidlar dei vidare i SU.

Barnehagen vil ha ein friluftprofil.

SU syns det er dumt at det ikkje vart løfta fram i vedtaket til permanent løysing.

SU er samde om at barnehagetilbodet blir eit bra tilbod uansett kvar løysinga hadde vore.

SU vil at det skal sjekkast opp i mogelegheitane til å bygge i Grindane når ein tenkjer på den permanente løysinga.

Spørsmål som blir drøfta: Korleis blir rullering til Raud. Blir det tre småbarnsavdelingar og tre storebarnsavdelingar i Gaupne barnehage etter jul?

Blir det Klubb-bornar som blir mest fornuftig å få prøve noko nytt? Kor mange barn skal vera der nede?

Det er vanskeleg å vite dette før etter suppleringsopptaket 1.nov.

Det blir nytt SU-møte i starten av november.

SU ynskjer at formannskapet blir invitert til Gaupne barnehage for å sjå kva krav som trengst.

SU spør korleis er det med aktiviteten til skulane? Politisk representant stiller spørsmål om ungdomsskulen brukar gymsalen meir enn det barnehagen er informert om til styrrar. Styrrar sjekkar opp i dette.

SU ynskjer eit kostnadsoverslag over kostnadane? Styrrar etterspør dette, og får evnt tak i dette til neste møte.

SU ynskjer at Gunn Beate etterspør prosessane heile tida framover, i kommunestyret.

Sak 4: Ymse

Ingen innkomne saker

Ref: Anne Merethe Kvalsøren

